Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Etne

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag: – –

Oppskr. av: Trygve Vinje

Gard:

(adresse): Frette

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg har høyrt og sett.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Røter av krönske og svinerot vart rekna som attåtfor i vårknipa. Og når dei på denne tida måtte hakka dei ugrasfulle åkrane og reinska dei, fall det lagleg å kjöra eller bera rotdungane til bekken og vaska dei og nytta dei til kröterfor.

Krönskerot var eit sers godt for, sa dei för.

I dei siste 30-40 åra har det ikkje vore brukt å nytta slikt attåtfor. Dei har no teke til med meir moderne jordbruk etter kvart, så det minkar på dei gamle ugrasåkrane. Og elles tyner dei ugraset lettare no.

Men under krigen då det var vanskar på alle måter, var det ein mann her i Stordalen i Etne som grov opp krönskerot og nytta til attåtfor ein vår.

2803

Av bregner nytta dei i eldre tid berre bjørnekam, lok kallar me dette bregneslaget.

Loken skar dei og hesja. Men den måtte hausta før jonsok om det skulle vera noko gagnleg for.

Raunebor vart nytta til for for 30-40 år sidan.

Dei la bora i vatn i tönner. Om vinteren slo dei heitt vatn på bora og gav kyrne denne sörpa til for.

Emne nr. 19.

Mose vart bruka til grisefor i gamle dagar. Dei henta kvitmose og bar heim og koka graut av denne.

Mosegrauten vart gjerne blanda med höyfrø eller ein fallsmjøl og agner.

2803
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING